

Til råka partar og offentleg mynde

**Telefon**  
+47 56 57 00 70  
**Fax**  
+47 56 57 00 71  
**E-postadresse**  
post@abo-ark.no  
**Webadresse**  
www.abo-ark.no  
**Postadresse**  
Postboks 291, 5203 Os  
**Besøksadresse**  
Hamnevegen 53, 5200 Os

Dato: 24.04.2024

## **VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN FOR BJÅNESØY, gnr/bnr 44/17, 44/319, 44/320 M.FL, AUSTEVOLL KOMMUNE**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla oppstart av reguleringsplan for utleigehytter på Bjånesøy, gnr 44 bnr 17, 319, 320 m.fl, Austevoll kommune.

### **Om planarbeidet**

Formålet med planen er å utvikle området med utleigehytter og båtplassar. I vedlagt planinitiativ er det beskrive tal einingar, men som ein del av planarbeidet vil det vurderast kor mange einingar og båtplassar som er eigna innanfor planområdet. I utgangspunktet er det ønskje om til saman 10 bygg, med moglegheit for to einingar, samt ein båtplass til kvar eining. Som ein del av planarbeidet vil det greiast ut kva det er plass til med omsyn til terreng. Parkeringskrav vil òg vere styrande for dette.

Planarbeidet er i samsvar med kommuneplanens arealdel, der eigedomen er avsett til næring. Sjøareala er i KPA avsett til hamn. Planen er vurdert til ikkje å løyse ut krav om konsekvensutgreiing jf. forskrift om konsekvensutgreiing.

Planområdet er om lag 6 daa. Det er tatt med noko ekstra vegareal i plangrensa for å vurdere sikt.

Tiltakshavar er eigarar av gnr/bnr 44/319, 320 og 44/17. Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

For nærare informasjon og spørsmål kan dette rettast til:

ABO Plan & Arkitektur AS  
v/ Mathilde Ilper Johnsen  
e-post: [mathilde@abo-ark.no](mailto:mathilde@abo-ark.no)  
mobil: 92836077

Vedlagt ligg referat frå oppstartsmøtet, planinitiativ, kart med plangrense og vedtak om oppstart.

### **Frist for innspel og merknader**

Frist for uttale til oppstart av planarbeidet er sett til **23.05.2024**. Uttalar skal vere skriftleg og sendast til: [offentlig.ettersyn@abo-ark.no](mailto:offentlig.ettersyn@abo-ark.no)

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av uttalar til Austevoll kommune. Dette vil ABO Plan & Arkitektur AS sørge for i samband med innsending av planforslaget.

### **Vidare planprosess**

Etter at frist for uttalar er gått ut, vil det verta utarbeida planforslag som skal handsamast av Austevoll kommune. Planforslaget vert så lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då verta høve til å kome med innspel og merknader til planforslaget. Etter at perioden med offentleg ettersyn er avslutta vil ein gå gjennom innkomne innspel og merknader og evt. justere planforslaget før endeleg godkjenning.

Med helsing

**ABO Plan & Arkitektur AS**

Mathilde Ilper Johnsen

Vedlegg:

- Planavgrensing
- Planinitiativ
- Skisse med mogleg løysing for gnr/bnr 44/319
- Referat frå oppstartsmøte
- Vedtak om oppstart